

● Språkspalten

Med o eller å?

I rettskrivinga er det ikkje alltid godt å vite kvifor me skriv eit ord med «o» eller «å». Både

«lov», «kål», «godt» og «gått» uttaler me med den same vokalyden å, men me skriv dei ikkje med same bokstaven. Ord som me uttaler med o-lyd, skriv me derimot aldri med bokstaven å. Fordelinga på «o» og «å» i skrift har med språkhistoria å gjere og er i grove trekk den same i dei tre skandinaviske språka norsk, dansk og svensk. Bokmål og nynorsk har lik fordeling bortsett frå mindre ordgrupper.

Lang å-lyd skriven med bokstaven å har me særleg i ord som stammar frå norrønt, som båt, blå, år, måne, råd, håll, få og mange fleire. I norrønt hadde desse orda lang a (skriven «á», som i «bátr» 'båt'), og lyden utvikla seg til å-lyd frå 1200-talet, i ein periode då det var store endringar i vokalsystemet. Etter nokre hundre år tok dei i bruk bokstaven å for denne lyden, først i svensk. Også ord og bøyingsformer som heng saman med ord som dei nemnde, og som har kort å-lyd, skal ha bokstaven å, altså blå – blått, få – fått, nå – nådd, håll – hållke. «Flått» (dyret) skal ha samanheng med adjektivet «flå» 'flat'.

Mange ord med kort å-lyd blir skrivne med o, t.d. flokk, folk, dott, knott, hogst, molte, orke, dokker. Dette er ord med dobbelkonsonant eller konsonantgruppe etter o-en.

Lang o-lyd finst i mange ord, og me skriv han alltid med o: tok, spor, stor, god, sol, no, ord, fjord, fot, bok, ro og mange fleire. Den korte o-lyden blir òg ofte skriven o, som i om, opp, romstere, tom, tromme, rom, somle, olje, dotte ofl. I ein del andre ord blir han derimot skriven med u: humle, dump, nummer, tung, lukt, bukse ofl. Her kan det leggast til at uttalen skifter noko rundt om i landet, m.a. slik at ord i den siste gruppa kan ha u-uttale. Ordet lompe fekk ny skrivemåte for snart 25 år sidan, før skulle det skrivast med u, som lumpen og rumpe.

I dei ordtypene eg har nemnt til no, er skrivemåtane stort sett like for bokmål og nynorsk etter rettskrivinga i dag. Lang å-lyd kan i mange tilfelle skrivast anten med o eller å, og her følgjer målformene til dels ulike tradisjonar. Ord med lang å-lyd blir skrivne med o i over, sove, doven, svoger, hol(e) ofl., særleg framfor v, både i bokmål og nynorsk. I nynorsk bruker ein òg o i ord som open, (har) bore, (ein) drope, (å) tole. I desse



orda skriv ein i bokmål åpen, (har) båret osv., i tradisjonen frå dansk. Nynorsk har ein meir historisk skrivemåte med o, meint å dekkje ulike dialektformer med o-, ø- og å-uttale. Nynorsk rettskriving har elles nærma seg bokmål, og har no skrivemåten flåte som einform og valfritt no eller nå.

I romsdalsk heiter verbforma «bore» = bokmål «båret» både 'bore' og 'børe'. Det er markert meir bruk av ø-uttale i slike ord i indre Romsdal enn lenger utover mot kysten. Såleis meiner eg at dei frå Nesjestranda snakka (snakkar?) meir på ø-en enn me frå Vågane/Hovdenakken.

Det var på kvar si side av den gamle kommunegrensa mellom Veøy og Bolsøy, på det som no heiter Skåla (som før berre var fjellet).

I ein del importord av noko nyare dato har me òg skrivemåte med å. Uttalen er konsekvent med å-lyd i ord som byrå, sjåfør, tråle, ålreit og sjåvinisme. Skrivemåten med å er lydrett attgjeving av uttalen i norsk utan å ta omsyn til etymologien, jf. byrå —fransk bureau, trål —engelsk trawl. I ordet drops har derimot den engelske skrivemåten vorte ståande.

Den delen av rettskrivinga som

gjeld skrivemåten for o-lyden og å-lyden, er nokså brokete, og det er ikkje berre ein regel som gjeld. I tillegg kjem at sjølve uttalen varierer. Når denne situasjonen likevel ikkje valdar dei største problema, er det nok mykje fordi skriftbiletet er såpass innarbeidd.

Det går an å snu saka på hovudet og sjå på korleis det er å gå frå skrifta til uttalen. Då kan ein òg komme i tvil. Om ein les verbet «å koste», kan ein lure på om det gjeld å bruke feiekosten, eller om det dreier seg om pengar. «Kosten» kan vere ein feiekost eller mat og drikke.



MARIT HOVDENAK

Marit Hovdenak er frå Hovdenakken og er seniorrådgjevar i Språkrådet.

Bidragstytarar til språkspalta er: Marit Hovdenak, Øyvind Fenne og Arnfinn Hovde

Spørsmål kan sendes til: redaksjon@r-b.no

KORONAVIRUSET

Noen blir rike på korona

Tiltakene som ble presentert 12. mars av regjeringen og sentrale myndigheter er karakterisert som de mest inngripende i fredstid. Dette er en avgjørende solidaritetsoperasjon for å unngå at de som er kronisk syke eller spesielt utsatt av ulike grunner skal bli syke. Det er også for at vi skal unngå smittetopp som sprenger kapasiteten i helsevesenet. Alle som kan, skal ha hjemmekontor fra snarest mulig har vært beskjeden disse dagene. Det er forståelig, nødvendig og kanskje litt for sent iverksatt.

Noen andre enn de i fast jobb med hjemmekontor betaler prisen for tiltakene:

Småbarnsforeldre, enslige og lavtlønnede er ofrene i disse tiltakene som skal hjelpe på. For mange av dem som blir permittert fra en fast stilling betyr

dette 40% mindre inntekt. Rødt har allerede tatt orde for at reglene for permisjoner fra faste stillinger må kompenseres fullt for arbeidstagerne og at permitteringslengden øker til 52 uker. Dette må skje raskt slik vi slipper det samme som skjedde under forrige finanskrisen da bedriftene måtte si opp ansatte. Rødt krever at vi alle er solidariske med dem og at staten kompenserer slik at dette tapet ikke går ut over permitterte arbeidsfolk.

I sosiale medier er det kampanjer for at frilansere som skuespillere, dansere og musikere ikke skal stå på bar bakke når publikum krever sine forhåndsbetalte billettenger tilbake. Det er lett og viktig å vise solidaritet med dem. Full støtte til disse aksjonene. De som lettere glemmes er servitører, kokker, hotellarbeidere og andre som arbeider uten faste jobb og arbeidsavtale. Disse arbeiderne jobber for lav lønn. De er ikke dekket av permisjonsreglene og faller dermed utenfor folketrygdens system for lønnskompensasjon. Hvis ikke noe gjøres vil disse arbeidsfolka komme i

økonomisk ruin som en direkte følge av at vi er solidariske med gamle og syke. Virusrisen vil ramme arbeidere uten faste stillinger hardest. Disse arbeidsfolkene kan ikke «ta hjemmekontor» mens de hever full lønn og de er ikke dekket av permisjonsreglene.

Det må settes inn en statlig finansiert kriselønn for de som mister inntekt som følge av permisjoner som er en direkte følge av tiltakene satt i verk i dag. Et system for kriselønn må komme i stand svært raskt for å unngå at de som permitteres denne uken ikke kommer i økonomiske problemer som følge av den solidariske aksjonen det er å stenge Norge for å unngå smitte.

Hvis vi ikke skal kunne tære på oljefondet i disse dager for at arbeidere skal unngå personlig ruin, blir det som Bjørnstjerne Bjørnsons Ingrid Sletten fra Siljejord. Hun hadde fått en enkel lue av mor. Det var den vakreste hun eide. Hun sparte den hele livet og da hun omsider skulle hente lua, «da var der ikke tråden igjen». For meg er

dette noe av det vakreste Bjørnson har skrevet og er et symbol på at vi ikke kan la være å ta vare på de som tar de største og tyngste tapene som følge av viruset fordi vi skal spare til fremtiden.

To pålegg rettet mot finansnæringen kan også hjelpe i dagens helt ekstraordinære situasjon:

For det første, kan Stortinget vedta å pålegge alle finansinstitusjoner å ikke beregne eller fakturere renter på noe lån så lenge karantenetiden varer. Dette vil vær ett inngripende tiltak. Men å suspendere all aktivitet for de som jobber på timesbasis er også svært inngripende. Penger som er lånt ut har ingen direkte realverdi, men er finansøkonomiske størrelser. Det betyr at hvis innlånsrenten til finansinstitusjoner fryses så kan også utlånsrentene fryses. Argumentet mot dette er at noen som har lånt ut penger har tatt en risiko. Men på grunn av hvordan finansmarkedene virker er «kapital» som er utlånt ikke virkelig verdier, eller realverdier. Det er derfor mulig å pålegge at det

ikke løper renter på lån for personer med en inntekt lavere enn en viss størrelse eller utvalgt etter andre kriterier.

For det andre, kan Stortinget suspendere muligheten for inkasso, forsinkelsesrenter og tvangsinn drivelse. Paradoxet i dag er at inkassoselskapene vil øke sin fortjeneste i takt med at arbeidsfolk ikke får full lønn eller frilansere og andre mister inntekt. Lån vil bli misligholdt som følge av solidaritetsaksjonen. Dette er dypt urettferdig siden de som sitter dårligst i det vil lide de største tapene. De som har stor gjeld og mister inntekter vil risikere å miste sitt hjem. Det betyr at de som sitter på mye kapital vil kunne tjene enormt på viruskrisen ved å kjøpe arbeideres boliger på tvangsauksjon. Hvis Norge ikke forhindrer dette kan det at folk eier egen bolig bli en saga blott som følge av solidariteten med de syke og utsatte for virusssmitte.

MORTEN WALLØE TVEDT
leder for Rødt Molde